



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Bastian Edi Hoffmann, 5557 2147

Vår dato
01.07.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/9371 512.1
Dykkar referanse
«REF»

Til

NIBIO Fureneset/ Synnøve Rivedal, Synnove.Rivedal@bioforsk.no
NLR Hordaland/ Liv Lyngstad, liv.lyngstad@lr.no
NIBIO (tidligere NILF Bergen)/ Heidi Knutsen, heidi.knutsen@nibio.no
Vestlandsforskning/ Merete Lunde, post@vestforsk.no

Kartlegging av behov for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i landbruket i Hordaland

Hermed utlyser Fylkesmannen i Hordaland midlar til eit kartleggingsprosjekt med følgjande tematikk.

Hovudmålet for prosjektet

Kartlegging av behovet for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i Hordaland, med geografisk lokalisering.

Om prosjektet

Kartlegginga skal seie noko om underdekninga i lagerkapasitet for husdyrgjødsel i fylket i dag (for mjølkebruk med t.d. minst 15 mjølkekyr eller minst 25 ammekyr), dårleg utnytting av husdyrgjødsel spreidd seint i sesongen og lønnsmda i å betre desse to faktorane. Kartlegginga kan og omfatte andre situasjonar med dårleg utnytting av husdyrgjødsel.

Med tilstrekkeleg lagerkapasitet meiner ein ikkje berre at det i teorien er nok kapasitet ut frå oppdaterte normer for gjødselmengd, nedbør og vassforbruk, men at kapasiteten også er tilpassa arbeidskapasiteten for spreining.

Kartlegginga skal vidare seie noko om behovet for auka lagerkapasitet i Hordaland dei neste 5-10 åra. Det kan vere nødvendig å intervju dei mest aktuelle føretaka i høve til framtidige planar i drifta som vil endre kapasitetsbehovet. Andre aktuelle faktorar som verkar inn på behovet kan til dømes vere eit endra klima med meir nedbør som fyllar opne gjødselkummar, og moglege endringar i Forskrift om organisk gjødsel.

Kostnadane med å auke lagerkapasiteten skal grovt kalkulerast for å få fram naudsynt investeringsbehov for gjødsellager. Overslag på klimagassgevinst ved auka lagerkapasitet bør òg bli vurdert.

Kartlegginga skal også innehalde ei geografisk estimering av produsert gjødselmengd innan korte transportavstandar, uavhengig av om det er behov for auka lagerkapasitet eller ikkje på staden. Kartlegginga skal vidare peike på stader som kan verke interessante med tanke på etablering av biogassanlegg, sett ut frå mengd produsert husdyrgjødsel og ut frå behov for lagerkapasitet. Når kartlegginga er ferdig, vil ein kunne vurdere vidare andre føresetnader for moglege biogassanlegg i dei konkrete områda.

I tillegg til at kartlegginga vil vise moglege klimagassgevinst og kva som skal til for å nå denne, vil utgreiinga også vere viktig for å peike på moglege utfordringar i høve til vassforureining frå landbruket, jmf. vassforskriftsarbeid i kommunane. Utgreiinga vil òg vere nyttig for næringa for å synleggjere investeringsbehov i produksjonen.

Bakgrunn

Manglande lagerkapasitet for husdyrgjødsel er ei utfordring, særleg i mjølkeproduksjonen. Årsakene til dette er auka gjødselmengder per ku, større vassmengder brukt i mjølkeproduksjonen, opne utandørs gjødsellager som samlar opp nedbør og tidspress som gir utfordringar i å køyre ut gjødsla. Fulle gjødsellagre fører til spreining av husdyrgjødsel til ugunstige tider på året og auka fare for tap av næringsstoff som avrenning og klimagass.

Klimagasstap frå husdyrgjødsel skjer både under lagring og spreining og omfattar metan og lystgass. God utnytting av husdyrgjødsla vil i tillegg redusere behov for mineralgjødsel og dermed redusere utslepp av klimagassar under produksjon og bruk av mineralgjødsel.

God lagerkapasitet for husdyrgjødsel og gode praktiske løysingar for spreining er difor viktig for å redusere klimagassutslepp frå bruk av husdyrgjødsel i landbruket i Hordaland.

Dersom noko av husdyrgjødsla i Hordaland kan bli behandla i biogassanlegg, vil dette reduserer utsleppa av metan, lystgass og ammoniakk. Metan kan brukast som biodrivstoff og kan erstatte fossilt drivstoff. Over 36 000 tonn organisk gjødseltørrstoff vert lagra i Hordaland kvart år. Ved å behandle 30 % av husdyrgjødsla i biogassanlegg kan det årlege klimagassutsleppet frå landbruket reduserast med om lag 7000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Framdrift

Resultata frå kartlegginga skal presenterast i form av ein kort rapport med supplerande kartmaterial.

Dette vil vera grunnlag for vidare vurdering av lokaliteter som kunne være aktuelle for etablering av biogassanlegg ut frå gjødselmengder tilgjengelig og behov for lagerkapasitet.

Grunna oppfylging av prosjektet «biogassproduksjon i Hordaland» er tidsrommet for gjennomføring av dette prosjektet veldig avgrensa og prosjektet lyt difor vera slutført 30.12.2015.

Tidsfrist for innsending av tilbodet:

Vi ønskjer tilbod på arbeidet med prosjektomtale innan 31. august 2015 per e-post til: fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Kontaktperson: Bastian Hoffmann, Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Telefon: 55 57 21 47. E-post: fmhobah@fylkesmannen.no

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Bastian Edi Hoffmann
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
HFK Ved Karen Nybø